

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 8. desember 2006 etter delegasjon i brev 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2018

Gjeld til 31.07.2021



Utgått

Føremål

Programfaga skal leggje grunnlaget for yrkesutøving innan møbelproduksjon i små og store møbel- og trevarebedrifter. Programfaga skal medverke til produksjon av møblar av høg kvalitet og med design tilpassa stadig skiftande livsstilar og trendar. Bransjen er i kontinuerleg utvikling og endring, og automatisering og robotisering er ein del av kvardagen i bedriftene. Programfaga skal medverke til å utvikle medarbeidarar med høg kompetanse og evne til omstilling og marknadstilpassing.

Programfaga skal leggje grunnlaget for at eleven utviklar kompetanse for å utforme produkt og for å kontrollere og dokumentere arbeid, metodar og prosessar. Opplæringa skal fremje tverrfagleg tenking og fleirfaglege evner. Vidare skal opplæringa medverke til at eleven utviklar kompetanse til å arbeide etter prosedyrar, arbeidsforklaringar og teikningar, både sjølvstendig og i samhandling med andre. Programfaget skal også leggje grunnlaget for at den enkelte utviklar kommunikasjonsferdigheiter gjennom praktisk arbeid saman med andre.

I opplæringa skal det leggjast til rette for praktisk og variert trening i alle delar av produksjonsprosessen. Opplæringa skal fremje fagleg innsikt, kritisk vurderingsevne og stoltheit for faget. Tryggleik, miljøforståing og kjennskap til standardar skal stå sentralt. Vidare skal opplæringa fremje forståing av korleis bedrifter er organiserte, og leggje grunnlaget for entreprenørskap.

Struktur

Programområdet industriell møbelproduksjon inneheld tre programfag. Programfaga utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.

Oversikt over programfaga:

Årssteg	Programfag		
Vg2	Produktutvikling og produksjon	Materiale og teknikkar	Dokumentasjon og kvalitet

Omtale av programfaga

Programfaget omfattar utforming av produkt, planlegging og gjennomføring av møbelproduksjon. Vidare inneheld programfaget bruk av verktøy og måleinstrument og overvaking og drifting av manuelle og automatiserte prosessar. Helse, miljø og tryggleik er integrert i alt arbeid. Faget inneheld også forståing av nye trendar.

Programfaget omfattar arbeid med ulike materiale. Vidare handlar det om korleis kombinasjonar av nye og tradisjonelle materiale kan gi møblar nye moglegheiter og bruksegenskapar. Det omfattar også korleis nye produkt kan utviklast gjennom kombinasjonar av ulike teknikkar og materiale og ulikt utstyr. Miljøutfordringar knytte til materialval inngår i faget.

Programfaget omfattar bruk, forståing og utvikling av arbeidsbeskrivingar, teikningar, skjema og prosedyrar. Bruk av internasjonale standardar hører også med. Dokumentasjonsarbeid omfattar mellom anna å bruke samtalar, bilete, tekst og digitale verktøy. Faget inneheld kvalitetsarbeid med definisjon av kvalitet, registrering og rapportering av avvik.

Timetal

Timetal er oppgitt i einingar på 60 minutt.

Vg2

Produktutvikling og produksjon 197 årstimar

Materiale og teknikkar 140 årstimar

Dokumentasjon og kvalitet 140 årstimar

Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I industriell møbelproduksjon forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

Å kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg i industriell møbelproduksjon inneber å utarbeide dokumentasjon til bruk i framstillingsprosessar og kvalitetsarbeid. Det inneber å setje ord på og forklare kva som blir gjort i samband med utføring av faglege oppgåver. Skriftlege ferdigheiter er knytte til registreringar, rapportar og deltaking i prosjektarbeid og presentasjonar.

Å kunne lese i industriell møbelproduksjon inneber å forstå og følgje arbeidsforklaringar, prosedyrar, manualar og standardar. Vidare inneber det å lese og søkje informasjon ut frå arkiv eller oppslag for å kunne vere aktiv i skole- og arbeidsmiljø.

Å kunne rekne i industriell møbelproduksjon inneber å gjere berekningar i samband med arbeidsprosessane, finne innstillingar på maskinar og rekne med blandingsforhold i væsker, trykk og temperaturar. Det inneber også å kunne gjere økonomiske berekningar omkring val av metodar, teknikkar og materiale og å kunne gjennomføre målingar og registreringar i samsvar med teikningar, skjema og standardar.

Å kunne bruke digitale verktøy i industriell møbelproduksjon inngår i alle arbeidsprosessar frå utforming, konstruksjon, spesifikasjon og produksjon til dokumentasjon. Det inneber også å samhandle nettbasert med kundar og leverandørar.

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- skissere og utforme produkt i tråd med trendar og ved hjelp av kreative metodar og teknikkar
- gjere greie for produkteigedom og produktrettar og korleis ein vernar seg mot kopiering
- planleggje, visualisere og overvake produksjonsprosessar
- velje eigna materiale til framstilling av møbelprodukt
- velje og bruke verktøy, utstyr, maskinar og arbeidsmetodar ut frå arbeidsoppgåve, standardar og prosedyrar
- berekne kostnader knytte til materialforbruk og metodeval
- framstille møblar og interiørprodukt etter arbeidsbeskrivingar

- kontrollere og utføre testar av ulike materiale og produkt etter bransjestandardar
- utføre arbeidet i tråd med reglar for helse, miljø og tryggleik
- utforme eigen arbeidsplass med tanke på ergonomi, arbeidsteknikkar, utstyr og HMT

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive eigenskapar og bruksområde for ulike materiale
- forklare samanhengane mellom val av teknikkar, materiale og produkteigenskapar, og gjere greie for utviklinga i norsk møbelproduksjon
- velje teknikk og utføre samanføyingar i samsvar med arbeidsoppgåver og materialtypar, og grunngi valet
- beskrive korleis eit møbel kan produserast med alternative teknikkar, materiale og samanføyingar
- overflatebehandle eit produkt i samsvar med spesifikasjonar
- forklare korleis kostnader blir påverka av dei vala ein gjer av teknikkar, materiale og samanføyingar
- gjennomføre dagleg vedlikehald av maskinar, verktoy og utstyr
- vurdere risikoar knytte til bruk av materiale og teknikkar i møbelproduksjon
- gjere greie for kva miljøpåverknad dei ulike materiale og prosessar har på det indre og ytre miljøet

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- komme med framlegg til endringar på teikningar og skjema som skal brukast i utviklinga av produkt
- komme med framlegg til endringar på arbeidsbeskrivingar og prosedyrar som skal brukast i produksjon og prosessar
- bruke digitale verktoy i framstilling av to- og tredimensjonale skisser og teikningar av produkt og i framstilling av prosessflytskjema
- overføre teikningar og skisser til produksjonsutstyr, både manuelt og digitalt
- teste og kontrollere produktidé og prosessar ved hjelp av visualisering og simulering
- definere kvaliteten av materiale og sluttprodukt, med godkjende avvik
- vurdere feil og avvik på materiale, råvarer og sluttprodukt i høve til bestemte kvalitetar og standardar
- rapportere og registrere feil og avvik ved materiale, råvarer og innstillingar av maskinar, verktoy og utstyr

Vurdering

Vg2 industriell møbelproduksjon

Føresegner for sluttvurdering:

Standpunktvurdering

Programfag	Ordning
Produktutvikling og produksjon	Eleven skal ha ein standpunktarakter i kvart av programfaga.
Materiale og teknikkar	
Dokumentasjon og kvalitet	

Eksamen for elevar

Programfag	Ordning
Produktutvikling og produksjon	Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.
Materiale og teknikkar	
Dokumentasjon og kvalitet	

Eksamen for privatistar

Programfag	Ordning
Produktutvikling og produksjon	Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.
Materiale og teknikkar	Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.
Dokumentasjon og kvalitet	Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.
Produktutvikling og produksjon	Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.
Materiale og teknikkar	
Dokumentasjon og kvalitet	

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.